

Sogn og Fjordane

Lærarfylket

Ikkje i noko fylke i Noreg har læraryrket vore so populært mellom ungdommar som i Sogn og Fjordane. Slik er det i våre dagar. Slik har det vore i meir enn hundre år.

Av førsteamanuensis Gunnar Yttri og professor Oddmund Løkensgard Hoel, Høgskulen på Vestlandet

Me kom på sporet av læraryrket sin høvesvis popularitet i Sogn og Fjordane for nokre år sidan. Dette i samband med eit større forskingsprosjekt som søkte å finna ut av kvifor barn og ungdom i Sogn og Fjordane på 2000- og 2010-talet gjorde det so godt på nasjonale prøvar i grunnskulen. I prosjektet vart Sogn og Fjordane jamført med andre fylke der prøveresultata ikkje var tilsvarende gode. Ei rad forskarar frå ulike faggreiner og universitet og høgskular tok del i forskingsprosjektet som bar namnet «Lærande Regionar». Resultata frå prosjektet vart publisert i boka «Skolens kvalitet skapes lokalt» (Langfeldt, 2015).

Læraren som bygdehøvding

Vår del av prosjektet var ein historisk studie av læraryrket sin status i ulike fylke i heile landet. Bakgrunnen for å undersøka dette var førestillinga om at i samfunn der læraryrket har høg status, so verkar dette positivt inn på skulemiljøet og elevane si læring. Høg status for læraryrket vil venteleg gi god rekruttering til lærarutdanning. Utdanningsdirektoratet sat med data frå tidleg på 2010-talet som

synte at i høve til folketalet so var Sogn og Fjordane fylket som best av alle rekrutterte til læraryrket. Dette vart sett i samband med dei gode skulresultata i fylket.

I vår studie ville me undersøka dette historisk og var særleg opp-tekne av tida 1900–1950. Var det fylke som over tid peika seg ut som særleg sterke eller svake i høve til rekruttering til læraryrket?

Studien konkluderte med at Sogn og Fjordane var Noregs lærarfylke nr. 1. (Yttri, 2015). Grunnlaget for å konkludera med dette var ikkje berre statistikk og tal frå vår eiga samtid. Med ulike historiske kjelder og litteratur let det seg gjera å få kunnskap om det geografiske opphavet til norske lærarar i heile første halvdel av 1900-talet. Eit fylke trona åleine på toppen: Sogn og Fjordane. I høve til folketalet var det dette fylket som rekrutterte suverent best til læraryrket.

I det følgjande presenterer me noko av materialet frå studien «Læraren som bygdehøvding». Avslutningsvis dreg me fram nokre moment som kan styrka vår for-

ståing av kvifor læraryrket har vore høvesvis attraktivt i Sogn og Fjordane.

«Gullalderen»

Mesteparten av det materialet me såg på i studien var frå tidsrommet 1900–1950. Dette var viktige, formande år for den norske lærarstanden. Det var også viktige og byggjande år for det moderne Noreg. Lærarane vart ikkje berre fleire, men gjennom utdanning, organisering og arbeid fekk dei ein stadig sterkare posisjon i norsk samfunnsliv. Med lærarskulelova av 1902 vart dei tradisjonelle lærarseminara avløyst og styrka. Lærarutdanninga var då to-årig. I 1930 kom ny lærarskulelov og la grunnlaget for to lærarutdanningar; den eine fireårig for elevar utan examen artium, den andre toårig for studentar med examen artium. Siste del av 1800-talet og fram mot 1930 har vorte omtala som «gullalderen» for lærarane. Gullalderen var kjenneteikna av god rekruttering til lærarutdanningane og at den sosiale statusen til læraren var høg og stigande. Læraren vart lytta til i politiske ordskifte og hadde ofte tillitsverv.



Balestrand's Lærerskole 1869-70. Lærar Tønning og Øvrebø i midten. Fotograf: ukjent. Datering: 1870

Sogn og Fjordane overrepresentert

I heile perioden 1900–1950 var ungdom frå Sogn og Fjordane overrepresenterte ved norske lærarskular. Fleire ulike studiar dokumenterer dette.

Rekrutteringa til fem lærarskular i Sør-Noreg er undersøkt for tidsrommet 1902–1926 (Nordstrand, 1975). Følgjande lærarskular inngår i studien:

- Volda lærarskule (opprett som privat seminar i 1895, selt til staten i 1924)
- Holmestrand lærarskule (statleg seminar oppretta i 1899 ved overflyttinga av Asker seminar. Skulen vart lagt ned i 1931).

- Stord lærarskule
- Levanger lærarskule (vidareføring frå 1892 av Klæbu seminar)
- Hamar lærarskule (statleg seminar oppretta i 1866).

Ungdommar frå Vestlandet var sterkt overrepresenterte ved desse lærarskulane målt i høve til folketalet. Særleg gjaldt dette ungdommar frå Sogn og Fjordane. I åra 1905, 1915 og 1920 kom 10 % av elevane herifrå, medan fylket hadde berre 3,5 % av folketalet.

Ein studie frå Volda lærarskule i tidsrommet 1895–1920 støtta i det generelle biletet støttar biletet av Vestlandet som overrepresentert

i norsk lærarutdanning. Studien dokumenterer særskilt for denne lærarskulen, kor sterkt vestlandsfylka, og særleg Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane sto. I heile perioden 1909–1920 var Sogn og Fjordane fylket som rekrutterte best. Særleg var rekrutteringa frå Indre Nordfjord sterk, so kom Indre Sunnfjord, men også Indre Sogn rekrutterte betre enn til dømes Indre Nordmøre (Høydal, 1995).

Hausten 1938 vart heimstaden til elevane i førsteklasse ved alle lærarskular i landet kartlagd for å sjå om Lov om lærarutdanning av 1930 hadde hatt nokon effekt. Lovla grunnlaget for to ulike lærarut-

Visste du at ...

...**hovudgarden** på øya Svanøy (i dag Flora, snart Kinn, kommune) var eit kraftsentrum for Hauge-rørsla på Vestlandet tidleg på 1800-talet og sysla i fleire år med å få etablert ei lærarutdanning?

...**presten Harald Ulrik Sverdrup** (1813–1891) var ordførar i den nyskipa kommunen Balestrand i heile tidsrommet 1849–1879, representerte Nordre Bergenhus i Stortinget i fleire periodar, og var medlem i kommisjonen som førebudde og laga lovinnstillinga til ny allmugeskulelov til Stortinget?

...**for å møte** dei nye lærarkrava i lova av 1860, la skuledirektøren i Bergen Stift i 1863 ein mellombels lærarskule til Balestrand. Balestrand lærarskule var i drift frå 1863 til 1880 og i denne tida fekk 236 gutar lærarutdanninga si her.

... **Lasse Trædal** (1857–1924) frå Lavik i Sogn var utdanna ved lærarseminaret på Stord i 1878, var folkehøgskulestyret og vart Stortingsmann for Venstre og var i 1914 ein arkitektame bak landsgymnaset?

...**Olav Hoprekstad** (1875–1965) frå Vik i Sogn var formann for Vestlandske lærarstemna i alle åra frå 1910 til 1946? Hoprekstad hadde gått på Sogndal folkehøgskule og gjekk lærarskule på Hamar.

... **at i fleire** av dei første tiåra på 1900-talet so vart tre ulike lærarskular i Noreg leia av ein nordfjording, ein sogning og ein sunnfjording? Henrik Kaarstad (1865–1927) frå Innvik i Nordfjord styrte lærarskulen i Volda frå 1895 til 1927. Håkon Wergeland (1878–1971) frå Gulen i Sogn styrte lærarskulen på Notodden frå 1910 til 1938, og frå 1939 var han rektor ved lærarskulen i Kristiansand. Søren Nordeide (1872–1941) var første rektor ved Noregs lærarhøgskule som opna i Trondheim i 1922.

danningar, den eine 4-årig med «elevklassar» for ungdom utan examen artium og den andre 2-årig med «studentklassar» for ungdom med examen artium. Eit lengre utdanningspolitisk ordskifte låg til grunn for todelinga, ei todeling som var mykje motivert utifrå ønskje om å styrka rekrutteringa frå byane til læraryrke. Samstundes tok lova i vare dei store deler av landet som framleis ikkje hadde gymnas og heldt læraryrket ope for desse. Det første kullet med 2-årige studentklassar vart teke opp i 1936.

Undersøkinga der 362 elevar gav fullstendig svar om kvar dei kom frå, synte stadig sterk overrepresentasjon frå Vestlandet (Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal) med 38 % av elevtalet jamført med knapt 25 % av folketalet. Men av Vestlandsfylka var det Sogn og Fjordane som hadde sterkast søknad til lærarutdanning, med nær dobbelt so mange av lærarskuleelevane som folketalet tilsa (Lange, 1947).

Norske skulefolk

I 1952 kom det biografiske oppslagsverket Norske skulefolk ut. Bokverket gir eit omfattande bilete av det norske lærarkorpset ved midten av 1900-talet. Det omfattar lærarar som hadde teke utdanninga si mellom 1894 og 1949. Det gir mellom anna opplysningar om geografisk rekruttering av lærarar fødte mellom 1870 og 1928, eit spenn på nær 60 år. Verket omfattar heile 9266 lærarar og lærarinne, 5679 av desse med biografiske opplysningar.

Informasjonen i Norske skulefolk er systematisert, analysert og gjort tilgjengeleg i boka Folkeskulelærarar i Fattig-Noreg skriven av



Gamleskulen i Olderdalen. Jakob Myklebust var læraren. *Fotograf: Ole Yri. Datering: ukjent*

Åsmund Lønning Strømnes (1927–2009). Det går her fram at Sogn og Fjordane var det fylket som i høve til folketal var suverent best representert i det me kan kalla «lærarkorpset av 1950». Talet på lærarar frå Sogn og Fjordane var mest tre gonger større enn det folketalet skulle tilseia. Ingen andre fylke var i nærleiken. Nummer to var Nord-Trøndelag der rekrutteringsprosenten var nesten dobbelt so stor som folketalprosenten. Møre og Romsdal på tredje plass hadde 1,69 gonger så stor rekruttering til læraryrket som folketalet skulle tilseia (Strømnes, 2006).



Skuleborn ved Gravdal skule i Vågsøy. Skulen var tredelt. Læraren var Ivar Sandvik, han er ikkje på biletet. Vi veit ikkje namn på elevane. *Fotograf: ukjent. Datering: 1932-1933*

Når me veit at av desse «topp 3 – fylka», so var Sogn og Fjordane det einaste som ikkje hadde ein lærarskule innanfor fylkesgrensene, so vert tala endå meir imponerende. Ungdom frå Sogn og Fjordane var vane med å reisa ut og reiste gjerne langt for å ta seg lærarutdanning. Naturleg nok fann mange vegen til lærarskulane på Stord og i Volda, men fleire reiste lengre enn som so. Ein ny studie syner til dømes at nær 10% av uteksaminerte lærarar frå Lærarskulen på Nesna på Helgeland i Nordland i tidsrommet 1918–1945 var frå Sogn og Fjordane (Haukland, 2018).

Kvifor Sogn og Fjordane?

Korleis kan me forstå og forklara at so mange ungdommar frå Sogn og

Fjordane valde læraryrket? Mange ulike faktorar spela nok inn og til ulike tider kunne nok ulike krefter verka. Men nokre moment peikar seg ut og bør nemnast. Kvar av dei bør undersøkast nærare, men det er sannsynleg at dei kvar for seg og samla har bidrege til ein særmerkt sterk kultur for å velja læraryrket i Sogn og Fjordane.

- Bygde-Noreg rekrutterte langt betre til læraryrket enn byane. Sogn og Fjordane var det minst urbaniserte fylket i landet.
- For mange av bygdene i Sogn og Fjordane var det eit avgrensa tal levevegar å velja mellom. Å satsa på læraryrket var ein høvesvis trygg leveveg (Hoel, 2017).

- Interesse for læraryrket stogga ikkje ved fylkesgrensene og gjaldt store deler av Vestlandet. Nabofylka i nord (Møre og Romsdal) og sør (Hordaland) rekrutterte også betre til læraryrket enn det folketalet skulle tilseia (Strømnes, 2006).
- I vestlandsbygdene var klasse-skilja småe og dei lokale elitane fåe. Læraren hadde ein viktig samfunnsbyggjande posisjon i desse samfunna, ein posisjon som kunne gjera læraryrket særleg tiltrekkjande. «Bygde-høvdingen» var ein samfunnsbyggjar (Strømnes, 2006, Yttri, 2015).



Sunnfjordingar ved Nesna lærarskule i Nordland. Vi veit namna på to av dei. Ståande frå venstre ser vi Per Eikeland. Edvard Hauge er truleg personen heilt til høgre på biletet. *Fotograf: ukjent. Datering: 1922*



Skulehus for Austrheim krins i Gloppen, bygd i 1863. Fotograf: Annette Langedal Holme. Datering: 2016

- Læreryrket gav ikkje berre sosial oppdrift. Det gav også utsikter til arbeid i bygd og by i heile landet. Lærarfylket var også fråflyttingsfylket og fylket med sterkast lærarmangel. Diskusjonane som førte fram til skipinga av Sogndal lærarskule i 1972, hadde rot i ei erkjenning av at Sogn og Fjordane var fylket som mangla flest kvalifiserte lærarar (Yttri, 2008).
- Lesing, skriving og skulestell var viktig i vestlandske bygder. Jostein Fet sine banebrytande arbeid om lesande og skrivande bønder har sett oss på sporet av ein lærdomskultur som hadde vekstkraft uavhengig av det sentralt definerte skulestellet (Fet, 1993, 2005).
- For lekpredikanten Hans Nielsen Hauge (1771–1824) og rørsle som følgde han vart lesing og skulegang sterkt vektlagt. Hauge var mykje kjend for si økonomiske verksemd, men var også 1800-talets mest lesne forfattar.

Hauge-rørsle si kopling til folkeopplysning og arbeid for å styrka skulestellet i første halvdel av 1800-talet er godt dokumentert. Rørsle hadde godt fotfeste på Vestlandet og i mange bygder i Sogn og Fjordane. Med haugianarane vart lesing og skriving middel ikkje berre for kristen oppseding og konfirmasjon, men også for materiell framgang. (Golf, 1996).

- Dei mange skuleetableringane i ulike bygder i Sogn og Fjordane frå 1800-talet (amtsskular, landbruksskular, jente- og husstelskular, ungdomsskular, folkehøgskular, yrkesskular) vitna om bygder der bygging av skular og samfunn gjekk hand i hand (Yttri, 2008).

LITTERATUR

- Fet, Jostein (1995), *Lesande bønder. Skrifstkultur på Nord-Vestlandet 1600–1850*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Fet, Jostein (2003), *Skrivande bønder. Skrifstkultur på Nord-Vestlandet 1600–1850*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Golf, Olav (1996), *Haugebevegelse og Folkeopplysning 1800–1860*. Universitetet i Oslo, Oslo.
- Haukland, Linda Helén (2018), *Lærerutdanninga på Nesna 1918–2018*. Museumsforlaget, Trondheim.
- Hoel, O. L. (2017). *Fjordfylket på nye vegar: 1875–1945*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Høydal, Reidun (1995), *Periferiens nasjonsbyggjarar: vestlandslæraren og Volda lærarskule 1895–1920*. KULTs skriftserie nr. 39, Norges forskingsråd, Oslo.
- Lange, August (1947), *Hvem blir lærere – og hvorfor?* Gyldendal Norsk Forlag, Oslo.
- Langfeldt, G. (Red.). (2015). *Skolens kvalitet skapes lokalt. Presentasjon av funn fra forskningsprosjektet «Lærende regioner»*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Nordstrand, Arve (1975), *Rekrutteringen til lærerskolene i tiden 1902–1926. (Hovudoppgåve i pedagogikk)*. Universitetet i Oslo, Oslo.
- Strømnes, Åsmund Lønning (2006), *Folkeskulelærer i Fattig-Noreg. Ein studie frå første halvdel av det tjuande hundreåret*. Tapir Akademisk Forlag, Trondheim.
- Yttri, Gunnar (2008), *Frå skuletun til campus. Soga om Høgskulen i Sogn og Fjordane*, Skald forlag, Leikanger.
- Yttri, G. (2015). *Læraren som bygdehovding*. I Langfeldt, G. (Red.), *Skolens kvalitet skapes lokalt. Presentasjon av funn fra forskningsprosjektet «Lærende regioner»* (s. 66–96). Bergen: Fagbokforlaget.